

Uttale frå elevrådet ved Lom ungdomsskule i samband med skulestruktursaka

Vi i elevrådet på Lom ungdomsskule er redde for korleis framtida vil bli i Lom dersom den vidaregåande skulen vår forsvinn. Mange av oss ynskjer å bu heime medan vi går på vidaregåande skule. Om skulen i Lom blir lagt ned får vi lange dagar borte, elevar frå Bøverdalen må da rekne med 3 timar på buss i tillegg til timane på skule. Da er det ikkje mykje att av dagen til å vere sosial eller fysisk aktiv.

Langt i frå alle er klare for å flytte på hybel når dei er 15-16 år, og om dei blir tvinga til dette er sjansa større for at dei droppar ut eller at dei får psykiske problem. Om dei er langt frå heime og i eit stort, uoversiktleg skulemiljø er det lett å forsvinne i mengda, og problema vil kanskje ikkje bli fanga opp.

Ungdom i distriktet får ikkje same moglegheitene som dei på større plassar, da det og vil bli ein ekstra kostnad for familiar som må sende ungdommane sine på hybel frå så tidleg alder.

Ved den vidaregåande skulen i Lom er fullføringsgraden høg samanlikna med andre skular i fylket. Dette meiner vi er veldig viktig og ein god grunn til å behalde skulen.

Og kva vil skje med bygdene i utkanten av fylket som ratt blir fråteke skulane sine? Familiar med små born seier dei ikkje vil flytte hit om det ikkje er eit skuletilbod etter grunnskulen. Og kva vil skje med idrettslaget eller kulturskulen om ungdom over 15-16 år forsvinn? Vi vil ha moglegheit til å kunne gå på vidaregåande skule medan vi bur heime. Som det vart sagt på det opne møtet angående skulestrukturen her i Lom førre veka; heller 5 tomme pultar enn 5 tomme bygder!!

Elevrådet v/Lom ungdomsskule